



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

MØTEBOK

Møtestad: Øvregård i Imsland
Dato: 26/11-25
Tidspunkt: kl 16

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vetthus, Vikedal sokneråd
------------	--

Varamedlem:	Elin Thorsen
-------------	--------------

Forfall:	Ola Alne, Arne Tveit, Bjørghild Vetthus, Karianne Dagsland
----------	--

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen

Preiketekst søndag 30.10

Matteus 21,1–11

Jesus rid inn i Jerusalem

1 Då dei nærma seg Jerusalem og var komne til Betfage ved Oljeberget, sende Jesus to læresveinar i veg 2 og sa til dei: «Gå inn i den landsbyen som ligg framfor dykk! Der skal de straks finna eit esel som står bunde og har ein fole hos seg. Desse skal de løysa og leia til meg. 3 Og om nokon kjem med spørsmål, då skal de svara: 'Herren har bruk for dei.' Då sender han dei hit med ein gong.» 4 Dette hende for at det skulle oppfyllest, det som er tala gjennom profeten:

5 Sei til dotter Sion:

Sjå, kongen din kjem til deg,

audmjuk er han og rid på eit esel

og på folen til eit trekkdyr.

6 Læresveinane gjekk av stad og gjorde som Jesus hadde sagt. 7 Dei henta eselet og folen. Så la dei kappene sine på dei, og han sette seg oppå. 8 Mange i folkehopen breidde kappene sine på vegen, andre hogg greiner av trea og strødde på vegen. 9 Og folket som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa:

Hosianna, Davids son!

Velsigna er han som kjem i Herrens namn!

Hosianna i det høgste!

10 Då han drog inn i Jerusalem, vart det uro i heile byen, og dei spurde: «Kven er dette?» 11 Og folkehopen svara: «Det er profeten Jesus frå Nasaret i Galilea.»



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	26/11-25

Saksliste:

- 31/25 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
- 32/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- 33/25 REFERATSAKER
- 34/25 ORIENTERINGSSAKER
- 35/25 VEDTAK OM Å SENDE SØKNAD OM MINNELUND I VATS
- 36/25 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I FELLESRÅDET



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
31/25	Fellesrådet	26/11-25

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjeverja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møtebok frå sist møte blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
32/25	Fellesrådet	26/11-25

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjeverja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
33/25	Fellestrådet	26/11-25

REFERATSAKER

33/25-01 Tak over inngangsdør i Ølen kyrkje. Me må sende ein ny og meir detaljert søknad. Lars Dalen/ Terje Lunde ordnar dette.

33/25 – 02 Hyrdingen treng fleire medarbeidarar. Me har førebels klart å skaffe 3 nye medlemmer til redaksjonen.

Desse jobbar no i redaksjonen: Ingrid Mathilde Sørvåg, Egil Larsen, Nils Tokheim, Kjell S Bakke (fotograf) og Steinar Skartland (redaktør).

Dersom ein frå redaksjonen skal dekke eit arrangement for Hyrdingen, får personen komme gratis inn på arrangementet.

Sakene blei tekne til orientering



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
34/25	Fellestrådet	22/10-25

ORIENTERINGSSAKER

34/25 – 01 Kyrkjetenarkomiteen

Kyrkjetenarkomiteen ser på om me kan opprette eit vaktmeisterteam som kan ta på seg vedlikehald av fleire kyrkjer. Dei vil og sjå på om ein kan organisere kyrkjetenarstillingane på andre måtar, og eventuelt lyse ut nokre av dei ledige stillingane.

34/25 – 02 Ny tenesteytingsavtale mellom fellestrådet og kommunen

Førre tenesteytingsavtale mellom Vindafjord kommune og Vindafjord kyrkjelege fellestråd var frå 2006. Gjennom arbeidet med å sjå på ei evt samanslåing med Tysvær kyrkjelege fellestråd, såg ein behov for å lage ei revidert utgåve av den gamle planen. Kyrkjevevja har sendt eit forslag til kommunedirektøren.

34/25 – 03 Samanslåingsprosessen mellom Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellestråd

Det har vore møter mellom prosjektsekretær, kyrkjevevjene og økonomisjefane. Ein er godt i gong med å finna ut korleis ein kan slå saman dei to fellestråda på ein «rettferdig» måte. Begge fellestråda har fått laga ei økonomisk referansemåling, der me kan sjå korleis ståa er i dei to fellestråda. Det har og vore møte i Medverknadsorganet, som består av tillitsvalde, verneombod og kyrkjevevjene.

34/25 – 04 Områdeplan for Skjold, oppstart og høyring av planprogram

Vindafjord kommune har sett i gong eit arbeid med ein områdeplan for Skjold.

Det skal vera eit orienteringsmøte i Skjold Arena 2.des kl 18. Kyrkjevevja deltek.

Sakene blei tekne til orientering

Økonomirapport nov 25

Samla sett har me litt overskudd akkurat nå, men fleire store rekningar er ventande .

Kyrkjeleg administrasjon- her har me litt igjen, men det kan komme rekning frå KLP og meir arbeidsgiveravgift. (det er satt opp meir på budsjettet enn me har brukt) Det kjem nok fleire IKT-rekningar og, grunna overgangen til Kirkepartner.

Kyrkjene- Her har me ein del å gå på grunna ledige stillingar. Men det kjem mange utbetalingar på vikar/ekstrahjelp no i desember. I tillegg kjem dei store rekningane på vedlikehald bygg.

Kyrkjegardane – Me har brukt noko meir enn det me får inn i festeavgift (mest på graving og klypping og vedlikehald.)

Hyrdingen- Me vil nok bruke meir enn budsjettet på layout og trykk, og me har ikkje fått inn så mykje som forventa på frivillig abonnementsavgift enno. (nov)

Kyrkjeleg virksomhet- Me har brukt meir på lønn (vikar) pga sjukemelding, og mykje på utdelingsmateriell (her skal sokneråda betale noko neste år). Me har og brukt meir enn budsjettet på barn og ungdom, og mat. Me fekk ikkje refusjon då trusopplærarane gjorde presteteneste i vår, for me hadde fått for mykje i fjor.

Kyrkjeverja



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
35/25	Fellestrådet	26/11-25

Minnelund i Vats.

Saka er godt i gong. Arkitekt Arne Tveit lagar ei detaljert skisse for Minnelund på kyrkjegarden i Vats. Sokneråd og andre involverte har fått uttalt seg i saka.

Framlegg til Vedtak:

Kyrkjevevja, fellestrådsleiar og arkitekt utarbeider og sender søknad til Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold om å få bygge Minnelund på kyrkjegarden i Vats.

Kyrkjevevja tilrår å vedta forslaget.

Møtehandsaming: Teikningar frå arkitekt blei lagt fram og det blei informert om plassering. Det var einigheit om at dette vil bli ein god stad å legge Minnelunden.

Samrøystes vedtak:

Me byggjer Minnelund på gravplassen i Vats. Kyrkjevevja sender søknad til Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold.





**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
36/25	Fellestrådet	26/11-25

Val av leiar og nestleiar i fellestrådet

Det skal årleg vera val av leiar og nestleiar i fellestrådet i november.

Fellestrådet skal på møtet velgje leiar og nestleiar for perioden 01.12-30.11.

Steinar Sørhus har vore leiar av Fellestrådet. Han stiller til gjenval for 2026.

Dag Tormod Milje har vore nestleiar. Han stiller i utgangspunktet ikkje til gjenval for 2026.

Møtehandsaming:

Steinar Sørhus blei føreslått til å ta gjenval. Valt med akklamasjon.

Det var ingen som ynskte å vera nestleiar. Dag Tormod Milje foreslo at han kunne sitje vidare som nestleiar ei stund til. Valt med akklamasjon.

Vedtak:

Valet blei slik:

Steinar Sørhus blei gjenvalgt som leiar for perioden 01.12.25-30.11.26.

Dag Tormod Milje blei gjenvalt som nestleiar.

Leiar og nestleiar held fram som representantar i arbeidsutvalet, i tillegg til Asle Dagsland og Karianne Dagsland.

Neste møte er onsdag 14.01.26 på Rådhuset.